

# Vestlandsrådet

Klima- og miljøminister Ola Elvestuen  
Postboks 8013 Dep  
0030 Oslo

Deres ref.:  
Deres dato:  
Saksbehandler: Håkon Slutaas  
Vår ref.: 60867/2018  
Vår dato: 16.05.2018

## Endring av vassforskrifta - eit klart brot med intensjonen i regionreforma

**Vestlandsrådet meiner at prosessen knytt til endring av vassforskrifta må stansast, og at spørsmålet om oppgåvene knytt til vassforvaltninga må behandlast saman med Stortinget si behandling av regionreforma.**

Klima- og miljødepartementet sende 05.10.2017 ut forslag til endringar av vassforskrifta og naturmangfaldlova på høyring. Det blei foreslått at vassforvaltningsplanane ikkje lenger skal vedtakast som regionale planer etter plan- og bygningslova, noko som fører med seg at fylkeskommunane ikkje skal ha ei formell rolle i arbeidet. Vassforskrifta blir foreslått heimla i naturmangfaldlova og fylkeskommunen sine oppgåver som vassregionmyndigkeit blir foreslått overført til utvalde fylkesmenn og Miljødirektoratet.

Vestlandsrådet er kjend med at Klima- og miljødepartementet planlegg å gjennomføre endringane og flytte oppgåvene knytt til vassforvaltninga frå fylkeskommunane frå 1 juli, trass at dette er eit heilt klart brot med intensjonen i den pågående regionreforma.

Oppgåvene knytt til vassforvaltninga etter vassforskrifta blei overført til fylkeskommunen etter forvaltningsreforma i 2010. I Meld. St. 22 (2015-2016) "Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver" er intensjonen å styrke fylkeskommunane si rolle som regionale samfunnsutviklarar. Meldinga viser til at det regionale folkevalde nivået har eit godt utgangspunkt for å ivareta eit heilskapleg perspektiv på tvers av sektorar og kommunegrenser. Vidare viser den til at gjennomføring av nasjonal politikk ikkje berre er eit vilkår for, men også er avhengig av, lokal og regional utvikling, og understrekar at gjennomføring av nasjonal politikk krev avvegingar på lokalt og regionalt nivå. Stortingsmeldinga understrekar at regjeringa vil bygge vidare på dei roller, oppgåver og funksjonar fylkeskommunen har i dag, og at oppgåver og ansvar som i dag ligg til fylkeskommunen bør vidareførast i nye folkevalde regionar, med unntak for oppgåver som er vedteke overført til kommunane.

I rapporten frå regjeringa sitt ekspertutval, «Regionreformen. Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene» lagt fram 01.02.2018, blir dei føreslalte endringane i samband med vassforskrifta særleg omtalt. Utvalet uttrykker at regjeringa sitt forslag om å kople dei regionale vassforvaltningsplanane frå plan- og bygningslova, og flytte ansvaret som regional vassmyndigkeit frå fylkeskommunane til statleg nivå, er i motstrid til både intensjonen med plan- og bygningslova som samordningslov og målet med regionreforma.

Vestlandsrådet forstår det slik at Klima- og miljødepartementet ikkje vil ta omsyn til rapporten frå ekspertutvalet i dei vidare vurderingane. Dette har blitt grunngjeve med at rapporten blei lagt fram etter at endringsforslaget var ute på høyring. Vestlandsrådet meiner det er sjølv sagt at denne rapporten må legge føringar for vidare behandling av endringsforslaget, og det er svært uryddig av departementet å ikkje ta dette med i vurderinga.

Klima- og miljødepartementet har gitt uttrykk for at dei vil prøve å gjennomføre endringane av vassforskrifta frå 1. juli utan Stortinget si godkjenning. Vestlandsrådet tolkar derfor dette som at Klima- og miljødepartementet ser det som ei kurant sak å fjerne plan- og bygningslova som lovheimel, bryte med den utsatte intensjonen til Stortinget i regionreforma, endre maktfordelinga mellom stat og fylkeskommune og påføre gjennomføringa av vassforskrifta store konsekvensar. Vestlandsrådet meiner dette er så store endringar at det må behandlast i Stortinget. Vi stussar også over at fjerninga av plan- og bygningslova som lovheimel ikkje er å betrakte som ei lovendring som vil krevje Stortingsbehandling.

Vestlandsrådet vil peike på at departementet i endringsforslaget verken nemner eller vurderer nokon av dei uavhengige eksterne evalueringane av vassforvaltningsarbeidet. Som grunnlag for endringsforslaget viste departementet til si eiga evaluering, utan at det blir referert nærmare til innhaldet av denne. Dei uavhengige evalueringane av arbeidet gjort av NIBR, NINA og Riksrevisjonen viser at fylkeskommunane har gjort eit godt arbeid i tråd med intensjonen om ei heilsakleg vassforvaltning. Riksrevisjonen sin rapport viser at departementa ikkje har evna å følgje opp si oppgåve i arbeidet.

Vestlandsrådet er svært overraska over at Klima- og miljødepartementet vel å køyre ein prosess som bryt klart med Stortingsfleirtalet og regjeringa si regionreform.

Vestlandsrådet krev med bakgrunn i dette at behandlinga av endringsforslaget til vassforskrifta blir stansa. Kva oppgåver som skal ligge til fylkeskommunen må behandlast i Stortinget saman med den kommande behandlinga av regionreforma. I dette ligg det også klart at skal intensjonane med regionreforma følgjast opp, kan ikkje sentrale oppgåver flyttast frå fylkeskommunen, og ansvaret for vassforvaltninga må framleis ligge til fylkeskommunen.

Med hilsen

  
Jon Aasen  
fylkesordførar

Kopi:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Kommunenes Sentralforbund  
Energi- og miljøkomiteen  
Stortingets vanngruppe v/ Ole André Myhrvold  
Fylkeskommunane

Postboks 8112 Dep	0032	Oslo
Postboks 1378 Vika	0114	Oslo
Postboks 1700	0026	OSLO